



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200903891	12.06.2013	40811/2013/S11	Johnny Loen, 71 25 82 88	02.09.2013

Halsa kommune - vassressurslova - søknad om konsesjon for Hennaelva kraftverk - Fjellkraft AS - fråsegn ved offentlig høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Som konsesjonssøknaden viser, har fylkeskommunen vist til at det er potensiale for funn av automatisk freda kulturminne i området, og såleis peikt på at ein vil gjennomføre ei synfaring for mellom anna vurdere om det er naudsynt med nærare registreringar, jf. lov om kulturminne § 9. Ei slik synfaring er gjennomført og krav om undersøking er oversendt Fjellkraft AS i brev datert 14.06.13.

Vi også tidlegare vist til kjente kulturminne på Kråkneset om lag 1 km unna. I etterkant av vår fråsegn 28.5.2009 har det vore gjennomført eit mastergradsarbeid på lausfunn frå steinalder langs fjorden her (Kjell A. Brevik, 2010). Gardane knytt til fjorden skil seg ut med fleire særeigne praktfunn av einskildgjenstandar frå steinalder. Samstundes er det gjort få undersøkingar for å kartlegge sjølve busetnaden i området på denne tida. Ei nærare kartfesting av funnstad for to slipte økser frå slutten av eldre steinalder syner at desse er funne ved Hennaelva søraust for tunet på bnr. 3.

Vi vurderer potensialet for funn av automatisk freda kulturminne som høgt, og av ein slik karakter at undersøkingar etter kulturminnelova §§ 9 og 10 må gjennomførast før søknaden om konsesjon vert endeleg handsama.

Ut frå dette er vi plikta til å reise motsegn mot konsesjon.

Friluftsliv

Vi har ikkje merknader til dei vurderingane som er gjort i KU om friluftslivet. Slik vi har kommentert ved tidlegare høve finn vi likevel bruken av omgrepet "brukarinteresser" som noko søkt, i og med at også fleire andre tema openbart kan definerast som brukarinteresser, t.d. landbruk. Friluftsliv bør kome fram som eige tema i KU.

Konklusjon

Det ligg føre potensiale for funn av automatisk freda kulturminne av slik karakter at vi vil krevje undersøkingar før det vert gitt konsesjon. Utover dette har vi ikkje merknader.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

(./.)

Med helsing

Ole Helge Haugen
Fylkesplansjef

Johnny Loen
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Trond Eilev Linge, arkeolog/rådgjevar, tlf. 71 25 88 40
(for tida i permisjon, ta evt. kontakt med kulturavdelinga)

Kopi:
Halsa kommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her